

Statens vegvesen
att: Ingelin Garen
Spelhaugen 12
5147 Fyllingsdalen

13.06.2014

**Klage -
vedr. avslag på søknad om avkjørsle frå fv. 565 - Gjerde. Gnr 100 bnr 1**

Klagen kjem dessverre seint i høve til klagefrist noko som skuldast at søkjar var på ferie fram til måndag 09.06.14. Håpar ikkje dette har innverknad på behandling av klagen.

Syner til dykkar vurdering av saka og vedtak om avslag til ny avkjørsle datert 21.05.14, samt vår søknad datert 25.02.14.

Me stiller oss undrande til at søkjar og tiltakshavar ikkje har blitt invitert med på synfaringa som fant stad den 14.04.2014. Ber om ei felles synfaring for å sjå på mogelege løysingar.

Dersom vegen blir flytta litt nærare toppen av høgbrekk i høve til teikning vedlagt søknaden, og med små justeringar av terrenget i sikktrekanten mot sør/vest kan me ikkje sjå at avkjørsle ikkje tilfredsstillar krava til fri sikt jfr. handbok 263.

Det samla omsøkte tiltaket vil etter vår vurdering auka trafikktryggleiken på staden i form av ei ny avkjørsle som tilfredsstillar siktkrava samt fjerning av ei avkjørsle der sikta er heilt fråverande.

Det vil bli svært vanskeleg å gjera seg nytte av avkjørsle på gnr.100 bnr.2 då avkjørsle må kryssa innmark. Vegen vil dela ei drifta slåtteeing i to og redusera areal dyrkbar jord for grunneigar. Dette tiltaket vil heller ikkje auka trafikktryggleiken på staden.

Med helsing

Søkjar:
Øyvind Dalland

Tiltakshavar:
Odd Gjerde

Kopi: Radøy Kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER